

---

Vår referanse 2021/19305-3  
Dato 26.05.2021

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjonssøknad - legalisering av flytebrygge - gnr 433 bnr 15 - Hella Indre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad datert 28.04.2021.

Søknaden gjeld legalisering av flytebryggje for 25 båt plassar samt oppføring av nedre parkering knytt til anlegget. Det er søka om dispensasjon frå avsett byggjegrænse i sjø, dispensasjon frå reguleringsplan og dispensasjon frå LNF-område for parkering.

Eigedomen ligg i uregulert område, men er definert som småbåthamn i sjø og naustformål på land i kommuneplanen sin arealdel for Radøy.

### Saksgang

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg til saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker. Vi uttalar oss som vegmynde av fylkesveg.

### Uttale

Det er søka om legalisering av eksisterande flytebrygge med 25 båt plassar. Det er og søka om oppføring av parkeringsplass i samband med båt plassane.

Det vert i oversendinga vist til brev frå Statens vegvesen datert 09.12.2019. I det brevet, som var eit svar på søknad om utvida bruk av avkøyrsla til fylkesveg 5484 Radøyvegen, vert det visa til at tiltaket er omfatta av plankrav jf. føresegna til kommuneplan for Radøy § 2.1. SVV bad då om at avkøyrslar og kryss til offentleg veg med siktsoner skal inngå i planområdet.

Med bakgrunn i den bruk som er i avkøyrsla ville SVV krevje kryssutforming til fylkesvegen. Vestland fylkeskommune vil og krevje kryssutforming her. Det kjem fram i søknaden at det er gjort avtale med NGIR å flytte avfallskonteinar som står i siktsona. Det må og bli gjort avtale med Skyss om å flytte buskur som og står i siktsona.

Det er Alver kommune som må vurdere dispensasjonsspørsmåla. Og det må søkast om avkøyrsløype frå Vestland fylkeskommune, kor det vil bli stilla krav om utbetring av avkøyrsla og oppgradering til kryssutforming. Vi bed om å få vedtaket oversendt for klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*